


LexicoNordica

Forfatter:	Erik Simensen	
Anmeldt værk:	Jón Hilmar Jónsson. 1994. <i>Orðastaður. Orðabók um íslenska málnotkun</i> . Reykjavík: Mál og menning.	
Kilde:	LexicoNordica 2, 1995, s. 281-286	
URL:	http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/lexn/issue/archive	

© LexicoNordica og forfatterne

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre LexicoNordica (1-16) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Erik Simensen

Jón Hilmar Jónsson: *Orðastaður. Orðabók um íslenska málnotkun. Mál og menning*. Reykjavík 1994. 698 s.

This dictionary is especially designed to show the combinatory properties of words in Icelandic, concentrating on the three big word classes: nouns, verbs and adjectives. The author describes their syntactical use and collocations and their ability to enter into compounds. On the whole, the dictionary is highly commendable. The present reviewer mainly objects to its use of boxes, which are filled with heterogeneous kinds of comment, whereas different types of information are otherwise given distinct graphic expressions.

Forfattern av denne ordboka burde vere godt kjend blant alle som arbeider med nordisk leksikografi. Han har spela ei aktiv rolle i utviklinga av faget dei seinare åra, både i teori og praksis: ved fleire konferansar om leksikografi (Oslo 1991, Reykjavík 1995), som islandske medarbeidar i "Nordisk Leksikografisk Ordbog" (under arbeid), som ein av hovudredaktørane for ei historisk ordbok over islandske verb, presentert med eit prøvhefte (*Sýnihefti sagnorðabókar*, Reykjavík 1993, omtala i band 1 av dette tidsskriftet, s. 321–322), og som medlem av redaksjonskomiteen for dette tidsskriftet. Sin kompetanse som lingvist har han vidare dokumentert i avhandlinga *Das Partizip Perfekt der schwachen ja-Verben* (Monographien zur Sprachwissenschaft 6, Heidelberg 1979).

Med denne bakgrunnen er Jón Hilmar Jónsson ein dugande ordboksarbeidar, eit inntrykk som *Orðastaður* (heretter: Os) fullt ut stadfester. Det viser seg både i valet av emne og behandlinga av det.

Forfattern har vilja lage ei ordbok som viser dei kombinatoriske eigenskapane ved orda. Målet er å vise orda i bruk, i setningar og dei meir eller mindre faste samband dei vanlegvis førekjem i. Ordboka er av ein type som så vidt eg veit er heilt ny i islandsk, og sjeldsynt i nordisk samanheng; av det slaget som er eksemplifisert ved Erik Bruuns *Dansk sprogbrug. En stil- og konstruktionsordbog* (1978) og *Svensk handordbok. Konstruktioner och fraseologi* (red. av Ture Johannisson og Karl Gustav Ljunggren, 1966). Slike ordbøker finst især for engelsk, t.d. *Collins COBUILD English Language Dictionary* (hovudred. John Sinclair, 1987) og *The BBI Combinatory Dictionary of English: a Guide to Word Combinations* (red. av Morton Benson, Evelyn Benson og Robert Ilson, 1986).

Med dette valet har JHJ fanga opp mykje av den informasjon om språket som hittil ofte har hamna mellom to stolar: på den eine sida grammatikken og ordlagingslæra, på den andre sida den tradisjonelle tydingsordboka. Den første gjev generelle reglar og kan av gode

grunnar ikkje ta med så mange døme; den siste gjev mest semantiske og morfologiske opplysningar (då helst om ordklasse og bøyingsendingar), det som er med av fraseologi og bruksdøme, er ofte tilfeldig og usystematisk (endå det i mange ordbøker kan vere nokså omfattande, t.d. i Sigfús Blöndals *Islandsk-dansk Ordbog*).

Vi har såleis å gjere med ei ordbok over *kollokasjonar* i islandsk. Denne termen kan som kjent førast attende til britisk strukturalisme i 1930-åra og blir vanlegvis knytt til John Rupert Firth, som var ein av dei førande i den såkalla London-skolen (sjå t.d. *International Encyclopedia of Linguistics*, red. av William Bright, New York & Oxford 1992, bd. 2, s. 170).

Emnet er stort og vanskeleg, ikkje minst fordi ein møter mange avgrensingsproblem. Som den røynde ordboksredaktør han er, viser JHJ at han har eit fast og godt grep om materialet. I motsetnad til mange andre ordbøker har denne eit langt og instruktivt føreord (28 s.), som gjer utførleg greie for både makrostruktur ("Meginskipan", s. VI–IX) og mikrostruktur ("Orðsgreinarskipan", s. X–XXIX), og som absolutt må lesast nøye dersom ein skal forstå notasjon og redigering.

Dei ordsamband som her er aktuelle, er for det første dei som viser den syntaktiske bruken av ordet. **hlátur** (her og i det følgjande er oppslagsord prenta med halvfeit skrift) kan t.d. stå som subjekt (*bað setti að honum hlátur*), objekt (*bæla niður hláturinn*) og styring til preposisjon (*bresta í hlátur*).

For det andre er det tale om kollokasjonar i tradisjonell meining, i det nyss nemnde oppslagsverket definert som "The habitual co-occurrence of individual items, such as *auspicious + occasion*." (bd. 4, Glossary, s. 284). Her har forfattaren også hatt eit terminologisk problem, nemleg å finne ein dekkjande islandsk term. Han har landa på "orðastæða", forklart som eit samband av ord som utgjer ein semantisk heilskap og ofte førekjem saman innanfor setninga (s. XVI). Det er toledda: attåt ein *kjerne* ("kjarni") står ei *bestemming* ("ákvæði"); t.d. substantiv + attributt ("dillandi **hlátur**"), eller verb + bestemming(ar) ("**græða** á tá og fingri", 'tene pengar som gras').

Den tredje kategorien er ordpar av typen "liv og helse", "stor og sterk" o.l. (s. XVII).

Kvar ordartikkel inneheld tre delar: 1) oppslagsordet med ordklasse, 2) samband ordet går inn i, bruken av ordet i syntaktisk samanheng, 3) ein ordlagingsbolk som viser ordet som samansetningsledd. Etter stikkprøver å dømme synest denne inndelinga godt gjennomført.

Sidan utgangspunktet for lemmaseleksjonen er dei orda som kan fungere som *kjerne* i (meir eller mindre) faste ordsamband, er lemma i hovudsak avgrensa til dei tre store ordklassene substantiv, verb og adjektiv. I tillegg er det teke med visse forledd av ymis art (t.d. *betli-*, *ein-*, *tví-*). Av i alt ca. 11.000 lemma utgjer substantiva 56%, verba 21%, adjektiv 19,5% og forledd 3,5% (jf. s. VII–IX). Denne inn-

snevinga er eitt av dei draga som set Os i ei klasse for seg. For redigeringa av artiklane fører det med seg at den vidare inndelinga primært er syntaktisk og morfologisk bestemt. Eit døme frå substantiva er alt nemnt (**hlátur**). Ved verba er det især eigenskapar som transitivitet, kasusreksjon og subjektstilknytning (personleg vs. upersonleg subjekt) som blir illustrert (sjå t.d. **fara, ganga, taka, undra**).

Som egne underoppslag er oppførde, etter ein asterisk (*), særskilde verbfrasar av typen verb + prep. + subst./pron., t.d. *hyggja að e-u/e-m, hyggja á e-u*. Ein annan type underoppslag følgjer etter ein fylt sirkel (•): former som viser egne tydingar eller bruksmátar som ikkje er dekte av føregåande del av artikkelen. Sjå t.d. **beygla** 'kul, bulk', men fleirtal *beyglur* 'vanskeleg stiling'; reflektivforma *reynast* (under **reyna**) 'vise seg' (*þessir bílar hafa reynst vel við íslenskar aðstæður*); pres. pts. *reynandi* 'verd á pröve, tilrádeleg' (*hvernig á ég að losna við þennan höfuðverk? – væri ekki reynandi að taka inn verkjatöflu?*) (jf. s. XI–XIII).

For adjektiv gjev den syntaktisk bestemte redigeringa seg bl.a. utslag i eit skilje mellom tilknytning til upersonlege fenomen vs. personar. Under **veikur** finn vi såleis i pkt. 1 *verða veikur af <matnum ...>*, under pkt. 3 *ísinn er veikur og veik rök* ('veike grunnar').

Inndelinga er morfologisk bestemt også når det gjeld førekomsten av ord i samansetning, som føreledd eller etterledd, etter ei svart pil, sjå t.d. substantivet **saga**. Det er i det heile ein sær verdfull eigenskap ved Os at den registrerer så mange samansetningar og viser korleis førsteledda her har varierende former. Eksemplet **saga** gjev døme på når føreleddet er *sögu-*, og når det er *sagna-*, og når begge førekjem med same etterledd (*söguskáld, sagnaskáld*), men likevel med den tydingsskilnaden som ligg i at føreleddet i det første tilfellet formelt er identisk med genitiv eintal, i det andre med genitiv fleirtal. Meir komplisert er tilhøvet ved **sjór** ('sjø'), der vi som føreledd i samansetning finn både *sjó-* (*sjóferð*), *sjóar-* (*sjóarbóndi*) og *sjávar-* (*sjávardjúp*), til dels med overlapping (*sjógangur, sjóargangur* og *sjávargangur*).

Ovanfor er brukt uttrykket "meir eller mindre" (faste ordsamband). Dette indikerer ei gradering, som på ein eller annan måte må gå fram av redigeringa. Det er her bruken av parentesar, skrånstrek og komma har sine særlege funksjonar. JHJ gjer utførleg greie for desse s. XVIII–XXII. For markering av nødvendige (obligatoriske) utfyllingar, t.d. av objekt og/eller preposisjonssamband til verb, attributive adjektiv til substantiv, bruker han spiss parentes (vinkelparentes, < >). Dei ledda som står innanfor slik parentes er å forstå som representantar ("fulltrúar") for ei større gruppe ord og uttrykk som kan stå i same syntaktiske omgjevnad. Under **stilla** er der såleis skilt mellom *stilla <aflí sínum, orðum sínum>* (dvs. med dativobjekt) og *stilla <tækið, véliná, klukkuna, ktínn>* (dvs. med akkusativobjekt). Denne notasjon er eit meir samantrengt uttrykk for det som elles

blir uttrykt utan parentes og berre oppdelt med komma, t.d. under **fjötur** ('lenkje'): *brjóta af sér fjötrana, slíta (af sér) fjötrana*; under **stórkostlegur** ('storarta'): *stórkostlegur atburður, stórkostlegt afrek*. Når variasjonen er mindre, er skrástrek brukt mellom syntaktisk parallelle ledd, t.d. under **vagn**: *hlaða/ferma/lesa vagninn, losa/af-ferma vagninn*. Valfríe (fakultative) ledd stár i rund parentes, sjá dómnet under **fjötur** ovanfor. Det er ikkje heilt klart korleis ein skal forstå den kombinerte notasjonen "< >" (s. XXII). Etter eksempla á dómme (t.d. under *bregðast*) er meininga vel helst á vise ein meir avgrensa valfrídom, dvs. at det som stár i (< >) er mindre fakultativt enn det som berre stár i ().

Jamvel om Os først og fremst viser dei ulike syntaktiske samanhengane orda stár i, tyder ikkje det at semantiske synspunkt er fráverande. På ingen måte: dei er berre brukte på andre måtar enn i andre ordbøker. I visse artiklar er ordsambanda ordna etter eit slag naturleg eller logisk utviklingsgang. Under **fangelsi** finn vi først *dæma e-n í fangelsi*, deretter *sitja í fangelsi*, og til slutt *losna úr fangelsi(nu)*. Heilt konsekvent er dette ikkje (der det i det heile let seg praktisere). Under **barn** kjem såleis i pkt. 1 *barn fæðist í heiminn, barnið elst/ólst upp ...*, og i pkt. 2 *geta/byrja barn (við konu), gera konu barn*. Her hadde vel den omsnudda rekkjefølgja vore meir naturleg!

Semantikken ligg i mange tilfelle til grunn for inndelingane i ordartiklane, både i bruken av semikolon og arabiske tal, sjá t.d. **gull** og **gulur**. Semantisk er (sjølvsagt) også skiljet mellom visse syntaktisk like konstruksjonar, t.d. under **gylla**, der pkt. 1 gjev den konkrete tydinga (*gylla bókina*), pkt. 2 den metaforiske (*gylla <ástandið>*, 'for-skjønne tilstanden').

Når dei semantiske opplysningane er eksplisiterte, skjer det ofte i stikkords form innanfor firkanta rammer, såkalla "ábendingar" (dvs. glosser, kommentarar, forklarte i rettleiinga på dei gule sidene straks innanfor permene og på s. XIII–XV). Og her er vi ved eit punkt eg meiner det kan vere grunn til å kritisere. I Os er det lagt mykje vekt på å gje dei ulike typane av informasjon særskild grafisk representasjon. Bruken av parentesar og skrástrek er eitt eksempel (jf. ovanfor), eit anna er bruken av vanleg brødskrift, rett skrift vs. kursiv, der den siste er reservert for bruksdøme ("notkunardæmi") laga av forfattaren. Eit tredje er bruken av store bokstavar til å gi uttrykk for visse typar grammatisk informasjon i den andre hovuddelen av ordartiklane (jf. ovanfor), t.d. LH for perfektum partisipp, NO for substantiv og SO for verb, sjá avsnittet SKAMMSTAFANIR i bruksrettleiinga ("Leiðarvísir"). (Lista er forresten ikkje fullstendig, ein saknar NH for infinitiv ("nafnháttur") og S for setning.) Men boksen for *ábendingar* er fylt med likt og ulikt. Ofte stár her *indikasjonar* på tydinga – meir er det ikkje, men i denne typen ordbok er det tilstrekkeleg, forfattaren går eksplisitt ut frá at brukarane *kjenner* tyd-

ingane; sjå t.d. under **hvass** og **skemmtun**. Stundom ber dei bod om pragmatiske tilhøve, t.d. "viðhorf" ("vurdering av, innstilling til noko"), såleis ved ord med eit nedsetjande innhald (t.d. under **ökufantur** vs. det nøytrale **ökumaður**); grammatiske opplysningar: om ordklasse i samansetning (t.d. **svartur**), fast eller laus samansetning (t.d. **stór**), eintal vs. fleirtal (t.d. **heimur**) og ordlagingsrelasjonar av typen substantiv til adjektiv (t.d. **atorkusemi** til **atorkusamur**).

Etter mitt skjønn er denne ramma uheldig utnytt. Den er på ein måte overbelasta, fordi vi her finn så ulike kategoriar av informasjon. Det semantiske kunne vel ha vore markert på andre måtar, t.d. ved omvendte komma eller apostrof, eller ved forminska versalar, iallfall noko som eintydig signaliserte kva kategori det gjeld.

Svært ofte finn vi i denne ramma termen *ákvæði* (jf. ovanfor). Oftast dreier det seg om utfyllingar av ymse slag, t.d. attributivt adjektiv til substantiv (t.d. *frumsamin bók*), eller adverb til adjektiv (t.d. *töfrandi fagur*), ev. adverb til verb (*ganga hratt, röklega*). Denne markeringa synest for det første unødvendig. For dei som har eit minimum av kjennskap til islandsk, eller norrønt for den del, viser konteksten kva slag ledd vi har å gjere med. For det andre er det mange slag bestemmingar som då blir umarkerte, både adjektiv og adverb (t.d. under **dagur**), preposisjonsfrasar (t.d. *tilefni til þess að NH, stríða við e-n*) og førsteledd i samansetning (t.d. *kauptilboð*). (Dette siste er mindre vesentleg. Her viser den særskilde pila kva slag informasjon som følgjer.)

Valet av oppslagsord i ei ordbok kan alltid diskuteras. Her har JHJ gjort eit val som ein med tanke på denne spesielle ordbokstypen må respektere. Ein ikkje-islanding kunne ha ønskt at visse preposisjonar var med som eigne artiklar, især dei som har dobbel reksjon akkusativ/dativ (t.d. *á, með, við*), der ein utlending ofte kjem i tvil om rett kasus, og grammatikkar ikkje alltid gjev dekkjande reglar og nok eksempel. Dette må likevel ikkje tolkast som noka reell innvending; forfattere vil med rette kunne innvende at ein vil finne slik informasjon under dei "store" verba, t.d. **fara, ganga og koma**. Men det må vel kallast ein glepp eller ei arbeidsulykke at verbet **vera** vantar, så mykje meir som **hafa** er med (rett nok ikkje i sine hjelpeverb-funksjonar). Til **vera** finst ein del fraseologi som burde ha vore registrert, t.d. *vera til* ('finnast') og *vera uppi* ('vere i live, leve').

Målgruppa er omfattande. Forfattere vender seg (s. V) til dei som lærer islandsk som eit framandspråk, til islingar som trenar seg opp i skriftleg bruk av morsmålet (truleg skoleelevar og studentar), og til dei som driv kreativt skrivarbeid og vil trenge djupare inn i ordforrådet. Venteleg er det dei to siste kategoriane, og først og fremst dei avanserte morsmålsbrukarane, som vil ha størst nytte og glede av boka. Utanlandske studentar av islandsk vil nok finne boka noko tung. Ho er såpass kompakt og raffinert at det krev ein god del arbeid å tileigne seg forfattarens til dels nokså sofistikerte redigeringsprinsipp,

endå det straks skal leggjast til at ein har rikeleg att for strevet. Det må også nemnast at JHJ sjølv har gjeve ein klar og konsis presentasjon (på norsk) av ordboka i NFL-nytt nr. 2, 1995.

Desse innvendingane må ikkje få skyggje for hovudinntrykket. Os er ei sann gullgruve av ei ordbok. Den er innhaldsrik, informativ og velredigert, typografisk vakker og oversiktleg, og solid innbunden; i det heile eit representativt uttrykk for den profesjonalisering av leksikografien som dette tidsskriftet sjølv er eit godt døme på.